Meland kommune

Forsvarsbygg
Postboks 405 Sentrum
0103 OSLO

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Anne-Lise Næs Olsen | 04.12.2014 |
| Vår: 14/933 - 14/19072 | anne.lise.olsen@meland.kommune.no | |

# Offentleg ettersyn og høyring - Reguleringsplan Hjertås Industriområde

**1.GONGS HØYRING OG OFFENTLEG ETTERSYN AV Hjertås industriområde Sør - planID 1256 2012 0002.**
I medhald av plan- og bygningslova § 12-10 har Utval for Drift og Utvikling i sak 20/2014 den 11.03.2012, gjort vedtak om å leggja planframlegg ut til høyring og offentleg ettersyn.

**RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK**
Utval for drift og utvikling vedtek å leggje framlegg til reguleringsplan ut til offentleg ettersyn, jf. plan- og bygningslova § 12-10. Planen får namnet ”Hjertås Industriområde Sør” og har planID 1256 2012 0002. Høyringsperioden vert sett til 6 veker etter kunngjeringsdato.

**UTVALET SI HANDSAMING i sak 20/2014 den 11.03.2012:**
Utval for drift og utvikling vedtek å leggje framlegg til reguleringsplan ut til offentleg ettersyn, jf plan- og bygningslova § 12-10. Planen får namnet "Hjertås Industriområde Sør" og har planID 1256 2012 0002. Høyringsperioden vert sett til 6 veker etter kunngjeringsdato.

**FRAMLEGG TIL PLAN**
Framlegg til plan gjeld m.a næringsområde, steinbrot/masseuttak og djupvasskai med tilstøytande hamneområde. Reguleringsplanen har **arkivID** 14/933 og 12/1001 (historisk arkiv). Planområdet omfattar heile gbnr 9/156. Føremålet med planen er å skilje planområdet på land i to delar med eit øvre næringsområde (N1 og N2) som er retta mot vegen med tilhøyrande infrastruktur, og eit nedre nærings- og kaiområde som meir vender seg mot sjøen og aktivitet over kai. Vidare vert det lagt til rette for etablering av djupvasskai med naudsynt tilstøytande hamneområde.

Plandokument:

**Postadresse**
postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

**Kontakt**
www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

- Planomtale – sist revidert 09.12.13
- Føresegn – sist revidert 26.02.2014
- Plankart – datert 03.10.2013
- Vedtak av 11.03.2014

Framlegg til planen er kunngjort i avis og på kommunen si heimeside. Grunneigarar, lag og organisasjonar og offentlege instansar er direkte tilskrive.
Plandokument og vedtak ligg m.a. i kommunen sitt planregister http://www.geoweb.no/braplan/ eller link på heimesia (BRAPLAN).
a. Under EIER velg Meland kommune
b. Under PLANNAVN skriv Hjertås og velg SØK
c. Velg i søkeresultat og få opp plandokumenta

**Merknader til planforslaget** må vera framsett skriftleg innan **merknadsfristen som vert sett til 20.01.2015**. Skriftlege merknader sendast til:

Meland kommune, P.b. 79, 5906 Frekhaug, eller postmottak@meland.kommune.no

Spørsmål knytta til saka kan rettast til sakshandsamar (Anne-Lise Olsen). Aktuelle plandokument kan etter førespurnad verte sendt på epost. Kontakt postmottak@meland.kommune.no

Med helsing

Anne-Lise Næs Olsen
plankonsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

Vedlegg: Sakspapir

p12006_Hjertås_plankart_03.10.2013
Planskildring reguleringsplan Hjertås industriområde080113
Føresegner Hjertås Industriområde 270214
1.gongs handsaming - Reguleringsplan Hjertås Industriområde Sør - planID 125620120002 - Hjertås

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Opus Bergen AS | Strandgaten 59 | 5004 | BERGEN |

**Mottakere:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Forsvarsbygg | Postboks 405 Sentrum | 0103 | OSLO |
| Kystverket | Postboks 1502 | 6025 | ÅLESUND |
| Fiskarlaget Vest | Slottsgt. 3 | 5003 | BERGEN |
| Norges Vassdrags- og Energiverk | Postboks 5091 Majorstua | 0301 | OSLO |